



Nissedal kommune
Eining for skule

RETNINGSLINER FOR TILSYN MED PRIVAT GRUNNSKULEOPPLÆRING I HEIMEN (HEIMEUNDERVISNING) I NISSEDAL KOMMUNE

1. Privat grunnskuleopplæring må fylgje lov om opplæring §§ 1-1, 1-3, 2-3 og 2-4 i lova med forskrifter gjeld for innhaldet i privat grunnskuleopplæring i heimen så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege pliktar.
Rundskriv Udir -05-2013- *Om privat hjemmeundervisning* pkt 6 ligg og til grunn.
2. Foreldre skal varsle om slik heimeundervisning og sende planar til eining for skule til godkjenning.
3. Kommunen pliktar å oppnemne ein tilsynsførar som har erfaring med aktuelt skuleslag.
4. Kommunen pliktar å gje rettleiing til familien, og kan gje ut gjeldande læreplan.
Kommunen har ikkje ansvar for å kjøpe inn læreverk.
5. Tilsyn blir gjennomført tre gonger i løpet av eit skuleår. To av tilsyna er varsla innan ei veke i forkant. Det tredje tilsynet er ikkje varsla.
6. Skuleeigar har ansvaret for tilsynet, men kan gje rektor ved aktuell skule oppgåva med den praktiske gjennomføringa.
7. Kommunen kan påleggje elevane som får heimeundervisning å delta på nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk ved aktuelle klassesteg; dvs. 5., 8. og 9. steg, eller ev andre prøver som grunnskulen i Nissedal har.

Sissel Bronken
Einingsleiar skule
Nissedal kommune